

Fra: Grethe Marie Sandvik[]
Sendt: 10.01.2024 10:27:00
Til: oyvind.aasen@knett.no[oyvind.aasen@knett.no]
Tittel: Utsett frist - Løyve til sjølvhogst - 134/34 - Børnes næringsområde - Uskedalen

Hei

Eg stadfester at løyve til sjølvhogst på kommunal eigedom gnr 134 bnr 34, Børnes næringsområde vert forlenga fram til 01.05.2024

Vilkår for hogsten er som tidlegare.

Med helsing
Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø
Mobil: +47 918 99 796
www.kvinnherad.kommune.no |

Tenk miljø før du skriv ut!

-----Opphavleg melding-----

Frå: oyvind.aasen@knett.no <oyvind.aasen@knett.no>
Send: tirsdag 9. januar 2024 17:56
Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Re: Løyve til sjølvhogst - 134/34 - Børnes næringsområde - Uskedalen

Hei

Etter hogsten i fjor, så vart eg ikkje heilt ferdig med å ta ut skogen innafor det markerte området. Kan eg fortsette der eg slapp i fjor vinter, og hogge vidare i samsvar med kartskissen som eg fekk av deg?

Helsing Øyvind

Den 2022-12-01 12:37 skreiv Grethe Marie Sandvik:

> Hei
>
> Viser til e-post om søknad om sjølvhogst på kommunal eigedom - 134/34
> - Børnes næringsområde - Uskedalen.
>
> Detaljregulering for Børnes næringsområde blei godkjent av
> kommunestyret 27.10.2022, og denne vart kunngjort 29.11.2022.
>
> Innafor dette området er Kvinnherad kommune eigar av eigedom gnr 134
> bnr 34.
>
> Når eg ser på reguleringsplan, så er det ein del av eigedom 134/34 der
> det er regulert til industri, veg og parkering, merka rødt
> (Hogstområde). Her kan du få løyve til å fjerne all skog.

>
> Fint om du tar sjølvhogst i dette området så snart som råd, i fall det
> vert sett igong arbeid med veg og eventuell frådeling/grenseregulering
> mot nabotomtene.
>
> I område som er regulert til parkbelte (Blå/grønnstruktur) så skal
> arealet fungere som landskapskjerm og grøntområde.
>
> I dette området skal eksisterande vegetasjon oppretthaldast, men er
> det skadde tre innafor dette området, så vil det vere greitt om du
> rydder bort disse.
>
> Landskapskjerm mot naustområdet må oppretthaldast og dei finaste trea
> må stå igjen.
>
> Vilkår for avtale:
> I dette området må vedhogger ta særleg omsyn slik at det ikkje vert
> gjort skade ved hogsten.
>
> Trea/krattet skal kappast lengst mogleg ned til bakken, veden må
> fjernast og skat og greiner bør leggjast i haugar.
>
> Vedhoggar er inneforstått med at felling av trær og bruk av motorsag
> er farleg.
>
> Det vert sett krav om bruk av nødvendig verneutstyr og opplæring for å
> utføra hogsten på ein forsvarleg måte.
>
> Vedhoggar utfører vedhogsten mm for eigen rekning og risiko, og med
> eige utstyr.
>
> Kvinnherad kommune ynskjer ei tidsavgrensing av avtalen, og ber om at
> hogsten skal vere gjennomført og området rydda før 01.05.2023.
>
> Dersom du ynskjer ei utviding av tidsavgrensing på avtalen, så er det
> berre å ta kontakt igjen.
>
> Lykke til med rydding/hogst!
>
>
> Med helsing
> Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø
> Mobil: +47 918 99 796
> www.kvinnherad.kommune.no |
>
>
> Tenk miljø før du skriv ut!
>
>
>
> -----Opphavleg melding-----
> Frå: oyvind.aasen@knett.no <oyvind.aasen@knett.no>
> Send: tirsdag 29. november 2022 20:11
> Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

> Emne: Tilbyr meg å rydde litt skog på eidegom 134/34
>
> Hei
> Dersom de ønsker det, så kan eg tilby meg å rydde litt skog på eidegom
> 134/34 på Børnes.
>
> Ta gjerne kontakt med meg dersom det er aktuelt.
>
> Mvh.
> Øyvind Aasen